# Sykla i fotspora til Aasen

Den første utgåva av Hovderittet vart ein suksess. Over 40 syklistar stilte til start.

● Marius Myklebust
marius.myklebust@morenytt.no

- Rittet blir gjennomført på historisk grunn. Stien rundt Hovdevatnet vart nok trakka av både Ivar Aasen og Anders Hovden, sa speaker Arnfinn Haugen før start i den aller første utgåva av Hovderittet.

39 syklistar frå klubbar i mellom anna Molde, Ålesund, Ulstein og Nordfjord deltok i konkurranseklassa under rittet, i tillegg til fleire frå arrangøren Ørsta sykkelklubb. I tillegg deltok seks syklistar i trimklassa, dei fleste av dei var born.

Tidspunktet for rittet er ikkje tilfeldig. Hovderittet samarbeider nemleg med Dei nynorske festspela.

- Det er ein dugnadsgjeng som har stått på for å få dette til. Dei har gjort klar løypa og ordna med alt det praktiske.

Løypa rundt Hovdevatnet er svært variert. Det er alt frå jamn asfalt til vanskelege stiparti rundt vatnet. Fleire av syklistane skrytte av traseen etter gjennomført ritt.

**Vinnar frå Sykkylven**

Vinnaren av den første utgåva av Hovderittet vart Espen Utgård Sæther frå Sykkylven. Talentet brukte 44 minutt og 44 sekund på dei tre rundane rundt vatnet, og var dermed raskare enn det arrangørane hadde rekna med.

To syklistar frå Ørsta sykkelklubb kapra andre- og tredjeplassen i klassen menn 20-29. David Dagestad Myklebust fullførte på 44:55, medan Andreas Foldal kom i mål på 50:09. Pål Brautaset tok femteplassen i klassen

I dameklassa var det berre ein deltakar. Miriam Natalie Lande Kvalsvik sykla to rundar rundt vatnet på 49 minutt og 29 sekund. Resultata frå konkurranseklassa finn du under.



**Godt oppmøte:** 39 syklistar stilte til start i konkurranseklassa under den første utgåva av Hovderittet, her frå starten av rittet.



**Utfordrande:** Det er fleire utfordrande skogsparti i løypa rundt Hovdevatnet. Her er Eldar Kurseth (Ålesund og Omegn ck) i tet, tett følgt av David Dagestad Myklebust (Ørsta SK).



**Vinnar 1:** Espen Utgård Sæther (Sykkylven SK) vann rittet med tida 44:44.



**Vinnar 2:** Miriam Natalie Lande Kvalsvik var einaste deltakar i kvinneklassa.

**Kvinner 20-29**
1,Miriam Natalie Lande Kvalsvik, , 49:29,0,

**Menn 17-19**
1,Emil Jørgensen Ramstad, Ålesund og Omegn CK, 44:55,0,
2,Iver Vattøy, Ulstein og omegn sk, 48:29,0,
Menn 20-29
1,Espen Ugård Sæther, Sykkylven Sk, 44:44,0,
2,David Dagestad Myklebust, Ørsta SK, 44:55,0,
3,Andreas Foldal, Ørsta SK, 50:09,0,
4,Marius Tomren, Molde CK, 50:10,0,
5,Pål Brautaset, Ørsta SK, 51:48,0,
6,Iver Lande Kvalsvik, NTNUI, 51:51,0,
7,Andre Bøhme, Berlin Thunder, 56:34,0,

**Menn veteran 30-39**
1,André Fiskerstrand, Ålesund og Omegn CK, 44:55,0,
2,Øystein Kalvø Stephansen, CCT, 50:08,0,
3,Idar Auflem Øye, Team Tunge Tråkk, 52:58,0,
4,Andre Landes, Berlin Thunder, 59:26,0,
4,Paul Steffen Kleppe, Kleppevegen Skogsveglag, 59:26,0,
6,Andris Potass, , 1:03:00,0,
7,Ruslans Filoboks, 1:05:41,0,
DNS,Marius Sporsheim, Team Tunge Tråkk,

**Menn veteran 40-49**
1,Eldar Kurseth, Ålesund og Omegn CK, 45:06,0,
2,Arne Nesgård, Sandane SK, 45:40,0,
3,Ben Erik Sira, Ørsta SK, 46:36,0,
4,Bård Olav Karlstrøm, Vestnes Varfjell IL, 48:32,0,
5,Frank Ronny Nærø, Ålesund og Omegn CK, 51:21,0,
6,Audun Karlstrøm, Vestnes Varfjell IL, 52:01,0,
7,Geir Åge Øye, Ørsta SK, 55:24,0,
8,Kjell A Fiksdal, VTIL, 57:36,0,
9,Rune Vinjevoll, Skodje IL, 57:40,0,
DNS,Torgeir Raknes, Ørsta SK, ,

**Menn veteran 50-59**
1,Arild Mjeltevik, Sykkylven Sk, 49:48,0,
2,Dag-Arne Eide, Sandane SK, 51:10,0,
3,Vidar Eide, Sandane SK, 52:56,0,
4,Arild Bjørdal, Ørsta SK, 53:42,0,
5,Helge Løtuft, Breimsbygda IL Sykkel, 54:38,0,
6,Jørn Vartdal, Ørsta SK, 56:01,0,
7,Arild Stokke, Ørsta IL, 56:34,0,
8,Svein Inge Juliebø, Team Nipå, 56:47,0,
9,Stein Helge Skjong, , 1:15:34,0,
10,Pål Steinar Kringstad, , 1:16:19,0,

**Menn veteran 70+**
1,Trygve Lade, NOTEAM, 1:15:22,0,